

Førdefestivalen

FØRDE INTERNASJONALE FOLKEMUSIKKFESTIVAL

Førde Internasjonale Folkemusikkfestival er Skandinavias største festival for akustisk folk/ trad/verdsmusikk, og er ein av knutepunktfestivalane i Norge. Festivalen vert arrangert i juli kvart år. Festivaladministrasjonen ligg i Førdehuset, Førde. Meir informasjon om festivalen på www.fordefestival.no

ØKONOMI- OG ADMINISTRASJONSSJEF 100 % stilling

Førdefestivalen søker person til nyoppretta stilling som økonomi- og administrasjonssjef. Stillinga vil innebere arbeid med budsjett, rekneskap, personaladministrasjon og post- / saksarkiv. Stillinga vil òg innebere sals- og sponsorarbeid og anna relevant arbeid innan festivalverksemda. Økonomi- og administrasjonssjefen vil samarbeide nært med festivalens direktør og kommunikasjonssjef.

Vi søker ein person som:

- Har relevant utdanning / kompetanse innan økonomi og administrasjon, sals- og sponsorarbeid
- Har gode IKT-kunnskapar
- Er resultat- og utviklingsretta
- Er god på motivasjon, samarbeid og nettverksbygging
- Har kunnskap om formidlings-/festivalverksemd eller anna relevant verksemd

Vi kan tilby:

- Ein spennande jobb for ein av Norges mest profilerte festivalar
- Eit kreativt kompetansemiljø med dyktige medarbeidarar
- Varierte arbeidsoppgåver og fleksibel arbeidstid. Tidvise arbeidstoppar.
- Gode moglegheiter til personleg og fagleg utvikling
- Gode pensjonsvilkår
- Løn etter avtale

Vi vil legge vekt på relevant praksis og gode personlege eigenskapar. Kjennskap til og interesse for festivalen si kjerneverksemd innan tradisjons-/verdsmusikk er ein fordel. Festivalen nyttar nynorsk. Vi legg vekt på god skriftleg og munnleg framstillingsevne både på norsk og engelsk. Førdefestivalen er ein dynamisk organisasjon. Arbeidsoppgåver kan derfor endrast over tid.

Tilsetjing frå 1. september.

For nærare informasjon og uforpliktande samtale, kontakt: direktør Hilde Bjørkum, tlf. 57721940 / 90919933

Send søknad med fullstendig CV på e-post innan 10. mai 2010 til hilde.bjorkum@fordefestival.no